

Årsmelding

Sogn og Fjordane Rytterskrets

2018

Innhold

Innkalling til Årsmøte

Krets styrets sammensetning 2018

Leiaren har ordet

Litt om året 2018

Regnskap 2018

Revisormelding 2018

Budsjett for 2019

Årsmøte innkalling for Sogn og Fjordane Rytterskrets 24.03.2019 Kl. 13:00

Møtested: Aulaen på Mo VGS

Innkallinga gjeld alle klubbar tilslutta NRYF gjennom Sogn og Fjordane Rytterskrets.

Klubbene i kretsen skal sende inn fullmakt på sine utsendinger / representanter som har stemmerett på årsmøte. Sendes til kretsstyre senest 1 uker før årsmøtet.

Bruk vedlagt skjema: Fullmaktsgiver:

<https://drive.google.com/open?id=0B2GCQa6EK3N4RURqeFk3OEtda3c>

Representasjon:	Klubb 1 - 25 medlemmar 1 stk
	Klubb 25 - 50 medlemmar 2 stk
	Klubb over 50 medlemmar 3 stk

Alle klubbene i kretsen skal sende inn medlemsoversikt for 2018 til kretsstyret senest 3 uker før årsmøtet. Bruk vedlagt skjema: Medlemsoversikt:

<https://drive.google.com/open?id=0B2GCQa6EK3N4bzVMR2VBNDZTSFU>

Opplysningar sendes til: rytterkrets.sf@gmail.com

Endelig saksliste:

1. Godkjenning av frammøtte representanter
2. Godkjenning av innkallinga. Godkjenning av sakslista
- 3.a Val av møteleiar
- 3.b Val av skrivar
- 3.c Val av 2 stk til å skrive under årsmøteprotokoll
4. Årsmelding for 2018
5. Rekneskap for 2018
6. Orientering frå Nils R. Sandal -
7. Fastsette kontingent for 2020
8. Budsjett for 2019
9. Val etter vedtekter

Fullstendig saksliste vil være tilgjengeleg seinest 1 veker før årsmøtet.

Alle klubbane skal ha hatt sitt årsmøte før kretsen sitt. Vi ber alle klubbene sende årsmelding og rekneskap til epost: rytterkrets.sf@gmail.com Det vil bli enkel servering og det er difor ønskelig med påmelding (namn og klubb) innan 17 Mars til rytterkrets.sf@gmail.com Med venleg helsing Styret i Sogn og Fjordane Rytterskrets

Styrets sammansetning 2018

Leiar: Egil Devig (på valg 2019)

Nestleiar: Hildegunn Starheim Remme (på valg 2019)

Kasserar: Lucinda Bjørnset Reksten (på valg 2020)

Sekretær: Kristine Midtun (på valg 2019)

Styremedlem: Marita Otterskred Helland (på valg 2020)

1.Vara: Marthe Fløtre (på valg 2019)

2.Vara: Malin Hovland (på valg 2019)

Valgkomite: Margunn Rygg, Robert Bjørnseth og Stine Huseby leder utgåar, 1 ny inn

Revisor: Georg Tornvik og Marit Tornvik (på valg 2019)

Styrets arbeid

Det er holdt 5 styremøter og 26 saker er behandlet.

I tillegg har vi arrangert:

- Med hodet først – mental trening og ernæring – foredrag for ryttere
- Årsmøte for 2017
- Terminlistemøte for 2019

Leiar har ordet

2018 fekk ein god start i og med at vi fekk sponsorpenger frå Frydenbø bil i Førde, dette gjorde til at vi kunne sponse klubbane med teknisk personell ved stemner. Vi må prøve å halde fram med dette, slik at ein unngår avlyste arrangement og at ein får høyre «det blir avlyst, så det er ikkje vits i å melde seg på».

Veldig gledeleg med gode resultat på NM fjordhest, Sogn og Fjordane plukkar alltid mykje medaljar og flotte plasseringar her. Sogn og Fjordane var òg representert ved NM i køyring og fekk ein flott sølvmedalje der, vi fekk også ein 4. plass i prøve-Nordisk i køyring.

Vi vil prøve å arrangere diverse aktivitetar for å fremje hestesporten i fylket vårt og tar gjerne imot idéar på kva dette kan vere. Følg med på Facebook sida til krinsen for å halde dykk oppdatert på kva som skjer. Det er viktig at dykk melder dykk på når det skjer ting, slik at vi kan arrangere aktivitetar og kanskje utvide til eit breiare tilbod.

Vi i styret kan også brukast til hjelp i klubbane om det er ueinigheit mellom medlemmer, klubbstyre og enkeltmedlem. Dette var vi med på i 2018 med godt resultat.

Det som er viktig er at alle vert høyrde og føler seg sett og velkomen ute i klubbane. Hestesporten er som alle andre sportar, mobbing og utestenging er fy fy, her skal alle vere like velkomne.

Det er også ein del som må på plass organisasjons messig. Tar vi på oss eit verv, må vi òg vere klare til å stille, eller iallfall gje beskjed om det ikkje passar. Krinsen har reglar for korleis støtte og liknande skal utbetalast. Dette er fristar som skal overhaldast og klubbane er pliktige til å overhalde desse, samt informere medlemmane sine om det. Reiserekningar og støtte sendast til klubben som samlar opp og sender vidare til krins, som deretter betalar ut ved terminlistemøte.

Slik eg ser 2019 har vi ein del utfordringar med tanke på samanslåing med Hordaland, dette i samband med dressur og køyring, samt nordover mot Møre og Trøndelag med tanke på Norgesserien i sprang. Mi meining der er nok at vi bør

prøve å ha det slik som det er i dag. Her må vi vere på og med, der det skjer. Mi oppfordring til klubbane er å stille på rytterttinget, eller gje fullmakt til andre som skal. Dette slik at ein kan stemme mot forslaget til NRYF om samanslåing av fylka, ettersom det har kome fram motstand mot samanslåing.

Avslutningsvis er mi oppfordring til medlemmar, ryttrarar, kuskar og klubbar; kos dykk og ha det moro med hest, still opp på arrangement slik at Sogn og Fjordane viser att på hestekartet i Norge.

Mvh.

Egil Devig

Sportsåret 2018

Det er fremdeles ein nedgang i antall startande på stevne i fylket. Dette er noko vi kjem til å fortsetta å jobba med inn i 2019. I dressur var det 101 startande, sprang 68 og i køyning 19 startande. Spesielt tungt har det vore å få gjennomført sprangstevne. Kretsen gjekk derfor inn med inntil 2000 kroner til dei som leverte inn søknad for å få dekt utgift på teknisk personell på D-stevner. Det har også blitt gitt støtte til gjennomføring av ett køyrestemne i 2018.

Vi har begynt å få mange utdanna personell i fylket vårt. Dette er veldig positivt og gjør at klubbane klarar å holde utgiftene nede når vi har stemne. I løpet av 2018 fekk vi 8 nye som utdanna seg innan sprang og 1 ny steward. Vi har fremdeles mangel på ein del teknisk personell så her er det berre å melde seg på kurs. Vi håpar at fleire vil utdanna seg i 2019.

KM 2018

I år vart det avholdt KM i dressur og sprang. Dessverre fekk vi ikkje til å arrangere KM køyning men vi håpar at det vil bli gjennomført i 2019. Vi gratulerer med gode resultat.

Resultat KM Dressur 2018

KM Dressur Senior

Gull: Amalie Zakariasen Karstensen med Wendy

Sølv: Marthe Berg Jevnaker med Gullkar Vital

Bronse: Dorthea Solheim med Haukfell



Resultat KM Sprang 2018

KM Sprang Senior

Gull: Dorthea Solheim med Haukfell

Sølv: Karoline Thingnes med Dragar



Cup 2018

I år hadde vi den gleden med at Frydenbø bil sponset cupen med 7500 kroner. Dette er penger som kjem godt med og vi takker for støtten.

Når det gjeld Cupane så viser det seg at i 2018 har det vore vanskelig å få nok påmeldte til å få gjennomført cupane spesielt i køyring, men det er også glissent i både sprang og dressurcup. Dette er noko styret vil jobbe meir med og håpar på fleire ekvipasjar i 2019 sesongen.

Vi gratulerar ekvipasjane som fekk plassering i cupane i 2018.

Dressurcup 2018

LC cup 2018

Gull: Benedicte Seim og Edward van Blålien

LB cupp 2018

Gull: Line Husnkår og Anastasia II

LA cup 2018

Gull: Dortehea Solheim og Haukfell

Sølv: Benedicte Seim og Stings Ferarri

Bronse: Lucinda Bjørnset Reksten og Lyheims Lindy



Sprangcup 2018

70 cup

Gull: Madeleine Rao Stubhaug med Thomas frå Tefre

Sølv: Nikoline Strandos Vonen med Bø Emiljo frå Naustdal

Bronse: Marita Erikstad med Bakkens Madikken frå Tefre

80cup

Gull: Maren Rognø Vevatne med Nesviks Liana frå Førde

90cup

Gull: Dortehea Solheim med Haukfell frå Førde

Sølv: Karoline Thingnes med Dragar frå Tefre

Køyrecup 2018

MB Dressurkøyring

Lucinda Bjørnset Reksten med Lyheims Lindy frå Tefre

Harald Løtuft med Norgrimas Rambo frå Førde



Nm Fjordhest 2018

Vi tar av oss hatten for alle dei flotte ekvipasjane fra Sogn og Fjordane som gjer det så bra i Fjordhest NM. I år vart NM arrangert på Stord og 3 klubbar fra Sogn og Fjordane var representert; Eid, Tefre og Førde.

Vi gratulerer alle startande i Fjordhest NM 2018 og gledar oss allerede til NM i 2019!

Nokre av plasseringane;

Grenmester Køyring: Emma Nyløy

Sølv NM junior: Silje Indrebø

Beste unge fjordhest 6år: Kapstads Herika v Trine og Kristine

Gull lag: Førde Køyre og rideklubb med Silje Indrebø, Emma Nyløy og Maren Rognø Vevatne



NM Køyring 2018

Ina Steiro Herstad og Glitur tok sølv i NM Køyring. I tillegg blei ekvipasjen beste norsk i prøve Nordisk på Bjerke i juli med ein 4 plass. Vi gratulerer.

Saman om hesten, Starum 2018

Karoline Thingnes var Sogn og Fjordane sin representant på denne samlinga.



Her er hennes brev frå denne samlinga:

Norges Rytterforbund, Det Norske Travelskap og Norsk Jockeyklubb arrangerte helga 4.-7. oktober 2018 ungdomsamling - saman om hesten. Sogn og Fjordane rytterkrins hadde 1 representant som reiste frå fylket vårt. Ho har skreve ei kjekk oppsummering av helga !

Helga 05-07.10.2018 var eg så heldig å få reise til Starum, på samlinga saman om hesten. Saman om hesten er ei samling som for første gong i år var eit samarbeid mellom Øvrevoll galopp, Det norske travelskapet og Norges rytterforbund.

På samlinga var det fokus på alt frå eksteriør og fôring til innriding og trening for ryttar. Vi stara fredagen med ei forelesning om fôring og hestens fordøyelsessystem. Denne forelesninga var spesielt retta mot årets grovfôrsituasjon, og kva ein kan gje for å veie opp mot manglande grovfôr. Dette var ei forelesning som champion styrte, men på tross av dette var det fokus på kraftfôr frå fleire leverandørar.

Vidare gjekk vi til laurdagen, som var ein veldig praktisk dag; vi vart delte inn i grupper, i gruppene såg vi på blant anna saltilpassing, trening av travhest og trening av ryttar. Dette vart ein dag med mykje ny informasjon, og desidert ein av dei mest lærerike dagane der nede. Vi fekk innblikk i korleis travhestane vert trent på blant anna tredemøller og korleis laktatmålingar vart tatt for å gjere treningsmengden korrekt for kvar enkelt hest.

Vi fekk ei innføring i saltilpassing, mange enkle triks på korleis vi kunne sjekke ein sal, men også kvifor ein korrekt tilpassa sal var så viktig for hesten, og moglegheita for å ri korrekt. Dei var også veldig opptatt av trening av ryttar, i hovudsak koordinasjon og korrekt bæring av rytters vekt. Det gjennomgåande var at ein måtte fullføre øvingar som ville gje korrekt sits og dermed riding enklare å oppnå.

Søndagen var det unghest og eksteriør som stod på planen. Vi starta dagen med ei forelesning om eksteriør, før vi vart delte i to. Den eine gruppa byrja med ei forelesning om unghest, innridning og ting ein skulle, og ikkje skulle gjere. Dei gjekk også inn på hestens bygning og vekstprosess, samt skilnadane mellom trening av ung travhest og ung ridehest. På forelesninga om eksteriør fekk vi alle utdelt skjema som viste forskjellige måtar ein hest kunne vere bygd opp, frå hovud til halefeste og hov. Deretter vart det vist fram 4 forskjellige hestar, og vi fekk forklart (av eksteriørdommar) kva han såg på og kva kjenneteikn han var ute etter. Søndagen var ein særskild lærerik dag, der vi fekk mykje innblikk i korleis hesten sin kropp utviklar seg og korleis hesten veks.

Det var også brukt ein ettermiddag/kveld på Biri travbane, på løpsdag. Det var utruleg kjekt å få sjå på nært hald korleis trav og travløp fungerer, då dette er noko som ikkje er så mykje av her heime. Nokre av oss fekk også køyre tandem på Biri ein halvtime før løpet starta, og sjølv om eg har køyrt mykje her heime så var dette ei heilt anna oppleving, samt ein heilt anna måte å køyre på. Mange av travhestane var mykje rolegare og kaldare i hovudet enn dei har rykte for å vere, og eg vart veldig positivt overraska over inntrykket eg fekk frå rasen. Alt i alt var det ei utruleg kjekk langhelg, med mykje informasjon, god mat og ikkje minst mykje sosialt på tvers av både fylkesgrenser og greiner. Slike arrangement burde det vere fleire av, og ein bør passe på at kretsen Sogn og Fjordane vert ein del av det, då mange av dei som var der gav inntrykk for at hestemiljø i Sogn og Fjordane var ukjent og nytt for dei. På tross av dette, ei utruleg kjekk helg, og eg håpar fleire vil ta turen neste gong noko slikt vert arrangert!



Sogn og Fjordane Rytterskole

Notar	Resultatrekneskap	2018	2017
	Inntekter		
1	Medlemskontingent	42 000,00	38 500,00
	utleige kjegler	1 500,00	2 500,00
	Stemne 10'er	1 660,00	1 950,00
2	Offentlige tilskot/NIF	21 277,07	18 994,46
	Renteinntekter	43,00	66,00
	Sponsorinntekt	7 500,00	0,00
	VM avgift	1 300,00	0,00
	Arrangement	900,00	0,00
	Sum inntekter	76 180,07	62 010,46
	Kostnader		
3	Lisensstøtte	2 750,00	1 400,00
4	Refusjon utdanning teknisk personell	17 041,00	25 415,50
	Refusjon program	0,00	1 500,00
5	Rosettar/premiar	14 757,73	11 150,20
6	Møtekostnader	15 195,00	17 438,00
	Bilgodtgjersle/reise	12 441,00	6 025,00
	Diverse kostnader	9 305,58	649,00
	Data/edb	2 385,00	2 235,00
	Bankgebyr	137,00	83,00
	Sum kostnader	74 012,31	65 895,70
	Årsresultat	2 167,76	-3 885,24



Sogn og Fjordane Ryttarkrins

Notar	BALANSE	31.12.2018	31.12.2017
	EIGENDELAR		
7	Skaphengar	33 529,50	0,00
	Omløpsmidlar		
8	Behaldning	2 973,10	3 889,20
9	Fordringar	12 799,46	12 499,46
	Bankinnskot	76 533,69	96 888,33
	Sum omløpsmidlar	125 835,75	113 276,99
	SUM EIGENDELAR	125 835,75	113 276,99
	EIGENKAPITAL OG GJELD		
	Eigenkapital		
	Eigenkapital 1/1	113 276,99	117 162,23
	Årets resultat	2 167,76	-3 885,24
	Eigenkapital 31/12	115 444,75	113 276,99
	Kortsiktig gjeld		
10	Leverandørgjeld	5 131,00	0,00
10	Anna kortsiktig gjeld	5 260,00	0,00
	Sum kortsiktig gjeld	10 391,00	0,00
	SUM EIGENKAPITAL OG GJELD	125 835,75	113 276,99

Førde, 24.03.19

Egil Devig
styreleiar

Hildegunn Starheim Remme
nestleiar

Kristine Midtun
sekretær

Lucinda Bjørnset Reksten
Kasserar

Marita Otterkred Helleland
styremedlem



Sogn og Fjordane Ryttarkrins

Notar til rekneskap 2018

Note 1 – Medlemskontigent

12 klubber a kr 3 500,- 1 ny klubb i løpet av 2018

Note 2 – Norges Idrettsforbund og momskompensasjon

Spesifisert som særkrinstilkot kr 17 873,07, momskompensasjon for 2017 på kr 3 404,-

Totalt tilskot kr 21 277,07

Note 3 – Lisensstøtte

9 søkte om støtte til hovedlisens/elitelisens og 5 til grunnlisens totalt kr 2 750,-

Note 4 – Refusjon teknisk personell

Det var ikkje helde noko kurs i krinsen sin regi. Krinsen fekk inn 2 søknader for refusjon av utgifter i forbindelse med utdanning av teknisk personell på kr 14 082. Søknadane vart innvilga med halve beløpet på kr 7 041. I tillegg blei det bevilga støtte til å dekke utgifter til teknisk personell på 4 sprangstemner og 1 køyrestemne. Totalt kr 10 000, 2 000 kr pr stemne.

Note 5 utgifter til rosetter/premier/dekken/blomster

VM kr 5 172,99, Cup kr 6 548,10, KM Dressur og sprang kr 3 036,64

Note 6 – Møtekostnad

5 møter, Årsmøte for 2017 i Sogndal, styremøte i forbindelse med terminlistemøte og terminlistemøte, styremøter på Skei.

Note 7 – Utstyr

Krinsen kjøpte skaphengar i 2018. denne skrives ned i løpet av 10 år. Verdien i regnskapet pr 31.12.18 er kr 33 529,5

Note 8 – Beholdning


Kr 987 premiedekken, kr 986,10 rosettar, kr 1 000 medaljar.

Note 9 – Fordring

Ikkje betalte kundefordringer kr 3 450kr (hera 1 forfalt på kr 500), avsatte inntekter medlemsavgift 3 500kr og VM avgift 1 300kr fakt i 2019, og tilskudd del 2 idrettskrinsen kr 4 549,46 frå 2016.

Note 10 – kortsiktig gjeld

Leverandørgjeld består av 4 fakturaer betalt i januar/februar 2019. Annen kortsiktig gjeld er 2 reiseregninger utbetalt i 2019 som gjelder 2018.



Sogn og Fjordane
Rytterskole

Budsjett 2019

Resultatrekneskap	Budsjett 2019	Resultat 2018	Budsjett 2018
Inntekter			
Medlemskontingent	42 000	42 000	38 500
utleige kjegler	1 000	1 500	2 000
Stemne 10'er	2 000	1 660	2 000
Offentlige tilskot/NIF	22 000	21 277	25 000
Renteinntekter	50	43	100
Sponsorinntekt	20 000	7 500	10 000
VM avgift	0	1 300	2 500
Arrangement	0	900	
Sum inntekter	87 050	76 180	80 100
Kostnader			
Lisensstøtte	3 000	2 750	0
Refusjon utdanning/teknisk personell	25 000	17 041	28 500
Henger	3 725	3 725	3 750
Rosetter/premier	15 000	14 758	15 000
Møtekostnader	16 000	15 195	20 000
Bilgodtgjersle/reise	12 000	12 441	8 000
Diverse kostnader	5 000	5 581	1 000
Data/edb	2 500	2 385	2 385
Bankgebyr	150	137	200
Sum kostnader	82 375	74 012	78 835
Resultat	4 675	2 168	1 265

Månad	Dato	Veke		Dressur	Sprang	Køyring	Merknad
Januar	05.-06.01.19	1					
	12.-13.01.19	2					
	19.-20.01.19	3					
	26.-27.01.19	4					
Februar	02.-03.02.19	5					
	09.-10.02.19	6					
	16.-17.02.19	7					
	23.-24.02.19	8					
Mars	02.-03.03.19	9					
	09.-10.03.19	10	Flora	Dressur			
	16.-17.03.19	11					
	23.-24.03.19	12	Årsmøte rytterkrinsen				24.03.2019
	30.-31.03.19	13	Eid	Dressur			
April	06.-07.04.19	14	NRYF -Ryttertting				
	13.-14.04.19	15	Sogndal			DMP	Påske
	20.-21.04.19	16	Tefre		Sprang		Påske
	27.-28.04.19	17					
Mai	04.-05.05.19	18	Hingsteutstilling EID				
	11.-12.05.19	19	Vik			DMP	
	18.-19.05.19	20	Eid		Sprang		
	25.-26.05.19	21	Førde			DMP	KM
	30.05.2019		Tefre	Dressur			NB Torsdag
Juni	01.-02.06.19	22					
	09.-10.06.19	23	Gloppen	Dressur	Sprang		Pinse
	15.-16.06.19	24					
	22.-23.06.19	25					
	29.-30.06.19	26	Dølahestmesterskap				
Juli	06.-07.07.19	27	Nordisk Køyring				
	13.-14.07.19	28					
	20.-21.07.19	29					
	27.-28.07.19	30	Nordisk Fjordhest 01.-04.08.19				
August	03.-04.08.19	31					
	10.-11.08.19	32	Flora E/L/D-stemne	Dressur			flyttet frå april
	17.-18.08.19	33	Lærdal	Dressur	Sprang		flyttet pga l-stemne
	24.-25.08.19	34					
September	31.-01.09.19	35					
	07.-08.09.19	36	Førde		Sprang		KM
	14.-15.09.19	37					
	21.-22.09.19	38	Førde	Dressur			
	28.-29.09.19	39	Gloppen			D/P køyring	
Oktober	05.-06.10.19	40					
	12.-13.10.19	41	Sogndal	Dressur	Sprang		
	19.-20.10.19	42					
	26.-27.10.19	43	Flora	Dressur			KM
November	02.-03.11.19	44					
	09.-10.11.19	45	Terminlistemøte				10.11.2019
	16.-17.11.19	46					
	23.-24.11.19	47					
Desember	30.-01.12.19	48					
	07.-08.11.19	49					
	14.-15.11.19	50					
	21.-22.11.19	51					
	28.-29.11.19	52					